

Musea i Sogn og Fjordane

Styremøte

Dato: Tysdag 14.06.2016
Tid: Kl. 11:10
Stad: Norsk Reiselivsmuseum, Balestrand

MØTEBOK

Frå styret møtte: Harry Mowatt, Laura Kvamme, Arild Hartman Eriksen, Ingrid Norum, Steinar Enebø, Olve Grotle og Hanne B. Oftedal.
Frå adm. møtte: Direktør Inge Bent Arnestad.
Referent: Inge Bent Arnestad

SAKLISTE:

17/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste
18/2016: Godkjenning av møtereferat frå styremøtet 19.04.2016
19/2016: Orienteringar
20/2016: Nye kommunale driftsavtaler
21/2016: Fellesmagasin og museumsbygg til Sunnfjord Museum
22/2016: Ymse

SAK 17/2016: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjend

Arild Hartmann Eriksen påpeikte sein utsending av ettersendte dokument.

Til sak 22/2016 vart det meldt følgjande saker:
Hanne B. Oftedal ynskte å drøfte ordning med fribillettar for styremedlemmane og plassering av styremøta
Harry Mowatt ynskte å drøfte sak Norsk Reiselivsmuseum som eiga avdeling

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent
Samrøystes

SAK 18/2016: GODKJENNING AV MØTEREFERAT FRÅ STYREMØTE 19.04.2016.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå styremøte 19.04.2016 vert godkjend

Vedtak:

Protokoll frå styremøtet 19.04.2016 vert godkjent

Samrøystes

SAK 19/2016: ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

- **Rekneskap mot budsjett**

Vedlegg: Rekneskapsrapportar pr. 30.04.2016.

*Styret drøfta praksis omkring bokføring av kjøp til samlingane.
Inntaksverdien på kunst og andre gjenstandar til samlingane vert ikkje
bokførte/balanseførte i rekneskapen jf. tidlegare praksis.*

- **HMS/internkontroll/sjukefråvær**

<u>Sjukefråvær</u>	<u>pr. 08.07.2016</u>
Eigenmelding	0,46 %
Sjukemelding	1,38 %
Børns sjukdom	0,09 %
Totalfråvær	1,93 %

HMS:

Det er gjennomført møte med leverandør av internkontrollsystemet Vergo for gjennomgang av status på alle avdelingar i løpet av våren 2016.

Det er vidare avtalt møte med kommunale brann og redningsetatar for å samkøyre tilgangar til museet sitt systemet for brannsyn.

Opplæring i stillasbygging vert avslutta 09.06.2016 med praktisk opplæring.

Samtidig startar kurs i fallsikring.

- **Besøkstal 2016**

MiSF har hatt ein nedgang i besøkstal frå 7938 til 5607 besøkande pr. 30. april samanlikna med i fjor, som gjev ein samla nedgang på 2.331 personar.

I perioden har DHS-SF hatt ein auke på 586 personar medrekna 420 besøkande på Norsk Reiselivsmuseum opningshelga i april.

Dei fleste avdelingane har hatt sesongopning i mai/juni, og bala vil truleg bli betre dei komande månadane.

Vedlegg: Spesifisert besøksstatistikk 04/2016

*Styret drøfta nedgang i besøksstalla, sjølv med auka ressursar på marknadsføring.
Eit tiltak det bør arbeidast med, er å få betre skilting til musea.*

*Styret ynskjer at avdelingsdirektørane informerer om endring i besøkstal og
marknadstiltak ved avdelingane i sine aktivitetsrapportar til styret.*

- **Norsk Reiselivsmuseum – status**

Nøkkeloverlevering og offisiell opning av Norsk Reiselivsmuseum i Balestrand vart som planlagt fredag 29.04.2016.
Utstillingane var ferdigstilte og opningsarrangementet gjekk etter planen.
Statssekretær ved statsministerens kontor Himanshu Gulati sto for den offisielle opninga.

Norsk reiselivsmuseum er nominert til Statens byggeskikkpris for 2016.
Juryen for Statens byggeskikkpris vurderer 7 nominerte prosjekt i april.
Utdeling av prisen er 14.06.2016.

- **Kystmuseet i Sogn og Fjordane – status og framdrift betongskade**

Hovudprosjektet er avslutta, det står igjen ein del mindre tilleggsarbeid (utskifting av port og vindauge, opprydding) som ein reknar med skal vere ferdigstilt før sommaren.

- **Sogn og Fjordane kunstmuseum**

Kunstsamlinga har historisk sett vore relativt lavt forsikra mot tjuveri, brann og andre skadar. Avdelinga ynskjer no å etablere ei avgrensa forsikringsløyving, som på kort sikt skal sikre at den mest verdifulle delen av samlinga.
Parallelt arbeider ein vidare med kartleggings- og registreringsarbeidet av heile samlinga, som grunnlag til å vurdere ei normal forsikring av samlinga.

Styrer ynskjer at kunstmuseet prioriterer arbeidet med å registrere/dokumentere kunstsamlinga og avklare assuranseverdi.

Det skal etablerast ei midlertidig forsikringsordning på dei mest verdifulle kunstverka, og på sikt ei permanent ordning for heile kunstsamlinga.

- **Informasjon om sak 07/2016**

Kort oppsummering av saka v/ direktør

- **Aktivitetsrapport frå avdelingane**

Vedlegg: Aktivitetsrapport frå avdelingane

Styret ynskjer at avdelingsdirektørane rapporterer endringar i besøkstall.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane vert tatt til vitande

Saksansvarleg:

Inge Bent Arnestad

Saksutgreiing:

MiSF sine driftsavtaler med kommunane vart sagt opp av fylkeskommunen i 2014. Det vart vidare vedteke å redusere driftstilskot med 3,1 mill. i perioden 2015 - 2017. Den samla nedskjeringa vart seinare vedteke redusert til 2,6 mill.

For driftsåret 2015 fekk MiSF fekk redusert driftstilskotet med 1,1 mill.

Status:

SFJ vedteken nedskjering kr. 2,6 mill.

MiSF redusert driftstilskot 2015 kr. 1,1 mill.

SFJ rest nedskjering 2017 kr. 1,5 mill.

Fylkestyret i KS Sogn og Fjordane etablerte i 2015 ei arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å utarbeide forslag til nye driftsavtaler med alle kommunane gjeldande frå og med driftsåret 2017. MiSF har vore sekretær for arbeidsgruppa.

Målet til arbeidsgruppa er å utarbeide ein finansieringsmodell som samla skal auke dei kommunale driftstilskota med 1,5 mill. kroner for å oppretthalde dagens drift i museet.

Auken er fordelt på alle kommunane i fylket etter følgjande prinsipp.

1. Kvar kommune betalar nominelt det dei skal betale i 2016 i det vidare, men dei kommunane som ikkje betalar må no betale (t.d. Høyanger – vi foreslår 150.000 kr på Høyanger). Dei som betalar mindre enn dei skulle ha gjort fordi dei sjølv har justert ned summen må betale det dei skulle ha betalt (Stryn og Hyllestad)
2. Auken i kostnader som kommunane får som følgje av at fylkeskommunen justerer ned sitt tilskott blir fordelt mellom kommunane etter ein objektiv fordelingsnøkkel: 60% etter folketal, 20% likt på alle kommunane og 20% på vertskommunane.
3. Om det kjem inn nye kommunar som vertskommunar – t.d. Vågsøy og Måløyraidsenteret, så må det først bestemast kor mykje dei skal gå inn med i drifta evt. i lag med nabokommunar. Denne summen blir ført vidare som i punkt 1 og blir altså ikkje fordelt mellom dei andre kommunane.

Arbeidet er no avslutta og lagt fram for fylkestyret i KS den 18. mai 2016, som gjorde følgjande vedtak:

Statusrapport om finansiering av Musea i Sogn og Fjordane vart behandla med følgjande konklusjon:

- *Fylkestyret vurderte eigen habilitet i saken, og konkluderte med at fylkestyret ikkje er ugild.*
- *Fylkestyret tilrår den framlagte modellen for finansiering av musea i Sogn og Fjordane.*
- *Fylkestyret tilrår kommunane å innarbeide sin del av kostnadane i samband med budsjettbehandlinga for 2017.*

KS Sogn og Fjordane ber MiSF, på vegner av arbeidsgruppa, om at vedteken finansierings-

modell vert sendt ut til kommunane med ovannemnte tilrådinga, og legg til rette for kommunane si vidare handsaming av saken.

Vedlegg: -Finansieringsmodell
-Utkast til ny driftsavtale

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret for MiSF godkjenner følgjande vedtak i fylkesstyret i KS:

Statusrapport om finansiering av Musea i Sogn og Fjordane vart behandla med følgjande konklusjon:

- Fylkesstyret vurderte eigen habilitet i saken, og konkluderte med at fylkesstyret ikkje er ugild.
- Fylkesstyret tilrår den framlagte modellen for finansiering av musea i Sogn og Fjordane
- Fylkesstyret tilrår kommunane å innarbeide sin del av kostnadane i samband med budsjettbehandlinga for 2017.

Vedtak:

Styret for MiSF godkjenner følgjande vedtak i fylkesstyret i KS:

Statusrapport om finansiering av Musea i Sogn og Fjordane vart behandla med følgjande konklusjon:

- Fylkesstyret vurderte eigen habilitet i saken, og konkluderte med at fylkesstyret ikkje er ugild.
- Fylkesstyret tilrår den framlagte modellen for finansiering av musea i Sogn og Fjordane
- Fylkesstyret tilrår kommunane å innarbeide sin del av kostnadane i samband med budsjettbehandlinga for 2017.

Samrøystes

SAK 21/2016: Fellesmagasin og museumsbygg til Sunnfjord Museum

Saksansvarleg:

Inge Bent Arnestad

Saksutgreiing:

Viser til sak 13/2016 Orienteringar og sak 16/2016.

I ovannemnde styrevedtak stå styret i MiSF fast på at kjøp av Ramstad Eskefabrikk som fellesmagasin og «Kløften» utan magasin vil vere den beste løysinga fagleg for å løyse magasinbehovet i overskodelig framtid, og peikar og på at "Kløften" som alternativ både for fellesmagasin og nye lokale for SUM vil utløyse behov for eit anna magasin til å hyse båtar og store gjenstandar. Styret ynskjer å kome fram til ei minneleg løysing, og vil opptre lojalt i forhold til politiske vedtak.

MiSF har den 27. mai hatt møte med Sogn og Fjordane fylkeskommune om den vidare prosessen ut frå følgjande:

Føresetnad

Styret i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (stiftinga) stiller seg bak fylkestinget sitt vedtak om å setje i gang forprosjekt for bygging av «Kløften» som inkluderer magasinindel.

Utan magasindelen er «Kløften» ikkje gjennomførbar i noverande versjon.

Styret i stiftinga arbeider med to parallelle prosjekt:

- ✓ «Magasin 1» er magasinet for dei mest verdfulle og sårbare gjenstandane med krav til luftfukting, stabil temperatur, avgrensing av støv, lystilhøve med meir. Romprogrammet for «Kløften» må reviderast og tilpassast dagens behov for MiSF ut frå ei museumsfagleg vurdering.
- ✓ «Magasin 2» er eit magasin som stettar klimakrav for båtar og store museumsobjekt, landbruksgjenstandar og -maskiner.

Det er føresett at politisk leiing i fylkeskommunen andre samarbeidspartar er orientert i form av eit notat.

Det gir følgjande handlingsrekke:

1. Stiftinga utarbeider eit prospekt for «Magasin 2». Dette skal greie ut trongen for lagring av større gjenstandar dagens løysingar og driftskostnaden ved desse alternative løysingar og drifts- og investeringskostnader ved desse. Ramstad-bygget og drifts- og investeringskostnader utan tilrettelegging ut over det som er naudsynt for trygg lagring. Finansiering, eigne midlar og statleg/kommunal medverknad
Styret i stiftinga tek stilling til «Magasin 2» som sjølvstendig alternativ.
- Mål:
Synleggjere tilleggskostnad på drift, om slik finst, ved Ramstad-bygget samanlikna med alternative løysingar. Synleggjere investeringskostnad for «Magasin 2»
2. Fylkeskommunen set i verk forprosjekt for «Kløften» inkludert fasilitetar for «Magasin 1» ut frå den kalkyleskissa som ligg føre.
3. Dersom forprosjektet i mars 2017 viser seg å ha for stort avvik kostnadmessig eller det oppstår andre uforutsette saker, blir det gjennomført drøftingar med tanke på full tilpassing av Ramstad-bygget for også å kunne tene som «Magasin 1». Fylkeskommunen tek då sikte på å lansere eit alternativt prosjekt for fellesmagasin som erstattar planane om «Kløften»
4. Dersom forprosjektet stadfestar kvaliteten i kalkyleprosjektet, vert hovudprosjektet, bygging av «Kløften», sett i verk, og stiftinga er då budd på delt magasinløysing.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har som mål å få realisert «Kløften» med magasinbygg med utgangspunkt i eksisterande prosjekt og sikre grunnlag for ei god drift.

Dersom MiSF kjøper Ramstad Eskefabrikk til magasin 2 for båtar og store museumsobjekt, landbruksgjenstandar og –maskiner, må museet sjølve kjøpe og drive bygget utan forventningar om fylkeskommunal medverknad.

Situasjon krev ei snarleg avklaring for å sikre heile samlinga si akseptabel magasinering, samtidig som organisasjonen internt vil kunne byggje opp god samhandling, samarbeid og kompetanseutveksling innan dette fagområdet.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret for MiSF godkjenner følgjande for den vidare prosessen:

Styret i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (stiftinga) stiller seg bak fylkestinget sitt vedtak om å setje i gang forprosjekt for bygging av «Kløften» som inkluderer magasin del. Utan magasin delen er «Kløften» ikkje gjennomførbar i noverande versjon.

Styret i stiftinga arbeider med to parallelle prosjekt:

- ✓ «Magasin 1» er magasinet for dei mest verdfulle og sårbare gjenstandane med krav til luftfukting, stabil temperatur, avgrensing av støv, lystilhøve med meir. Romprogrammet for «Kløften» må reviderast og tilpassast dagens behov for MiSF ut frå ei museumsfagleg vurdering.
- ✓ «Magasin 2» er eit magasin som stettar klimakrav for båtar og store museumsobjekt, landbruksgjenstandar og -maskiner.

Det er føresett at politisk leiing i fylkeskommunen andre samarbeidspartar er orientert i form av eit notat.

Det gir følgjande handlingsrekke:

1. **Stiftinga utarbeider eit prospekt for «Magasin 2».**
Dette skal greie ut trongen for lagring av større gjenstandar dagens løysingar og driftskostnaden ved desse alternative løysingar og drifts- og investeringskostnader ved desse. Ramstad-bygget og drifts- og investeringskostnader utan tilrettelegging ut over det som er naudsynt for trygg lagring. Finansiering, eigne midlar og statleg/kommunal medverknad. Styret i stiftinga tek stilling til «Magasin 2» som sjølvstendig alternativ.

Mål:

Synleggjere tilleggs kostnad på drift, om slik finst, ved Ramstad-bygget samanlikna med alternative løysingar. Synleggjere investeringskostnad for «Magasin 2»

2. **Fylkeskommunen set i verk forprosjekt for «Kløften» inkludert fasilitetar for «Magasin 1» ut frå den kalkyleskissa som ligg føre.**
3. **Dersom forprosjektet i mars 2017 viser seg å ha for stort avvik kostnadmessig eller det oppstår andre uforutsette saker, blir det gjennomført drøftingar med tanke på full tilpassing av Ramstad-bygget for også å kunne tene som «Magasin 1».**
Fylkeskommunen tek då sikte på å lansere eit alternativt prosjekt for fellesmagasin som erstattar planane om «Kløften»
4. **Dersom forprosjektet stadfestar kvaliteten i kalkyleprosjektet, vert hovudprosjektet, bygging av «Kløften», sett i verk, og stiftinga er då budd på delt magasinløyning.**

Styret ber med bakgrunn i ovannemnte direktør innleie forhandlingar med eigar av Ramstad Eskefabrikk med mål om å kjøpe anlegget for å støtte føresetnader i punkt 3 og 4, og sikre MiSF tilstrekkeleg areal for det framtidige magasinbehovet.

Etter drøftingar i styret omkring den vidare kjøpsprosessen gjorde ein følgjande vedtak.

Vedtak:

Styret for MiSF godkjenner følgjande for den vidare prosessen:

Styret i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (stiftinga) stiller seg bak fylkestinget sitt vedtak om å setje i gang forprosjekt for bygging av «Kløften» som inkluderer magasin del. Utan magasin delen er «Kløften» ikkje gjennomførbar i noverande versjon.

Styret i stiftinga arbeider med to parallelle prosjekt:

- ✓ «Magasin 1» er magasinet for dei mest verdfulle og sårbare gjenstandane med krav til luftfukting, stabil temperatur, avgrensing av støv, lystilhøve med meir. Romprogrammet for «Kløften» må reviderast og tilpassast dagens behov for MiSF ut frå ei museumsfagleg vurdering.
- ✓ «Magasin 2» er eit magasin som stettar klimakrav for båtar og store museumsobjekt, landbruksgjenstandar og -maskiner.

Det er føresett at politisk leiing i fylkeskommunen andre samarbeidspartar er orientert i form av eit notat.

Det gir følgjande handlingsrekke:

1. Stiftinga utarbeider eit prospekt for «Magasin 2». Dette skal greie ut trongen for lagring av større gjenstandar dagens løysingar og driftskostnaden ved desse alternative løysingar og drifts- og investeringskostnader ved desse. Ramstad-bygget og drifts- og investeringskostnader utan tilrettelegging ut over det som er naudsynt for trygg lagring. Finansiering, eigne midlar og statleg/kommunal medverknad. Styret i stiftinga tek stilling til «Magasin 2» som sjølvstendig alternativ.

Mål:

Synleggjere tilleggs kostnad på drift, om slik finst, ved Ramstad-bygget samanlikna med alternative løysingar. Synleggjere investeringskostnad for «Magasin 2»

2. Fylkeskommunen set i verk forprosjekt for «Kløften» inkludert fasilitetar for «Magasin 1» ut frå den kalkyleskissa som ligg føre.
3. Dersom forprosjektet i mars 2017 viser seg å ha for stort avvik kostnadmessig eller det oppstår andre uforutsette saker, blir det gjennomført drøftingar med tanke på full tilpassing av Ramstad-bygget for også å kunne tene som «Magasin 1». Fylkeskommunen tek då sikte på å lansere eit alternativt prosjekt for fellesmagasin som erstattar planane om «Kløften»
4. Dersom forprosjektet stadfestar kvaliteten i kalkyleprosjektet, vert hovudprosjektet, bygging av «Kløften», sett i verk, og stiftinga er då budd på delt magasinløysing.

Styret ber med bakgrunn i ovannemnte direktør innleie forhandlingar med eigar av Ramstad Eskefabrikk med mål om å kjøpe anlegget for å stette føresetnader i punkt 3 og 4, og sikre MiSF tilstrekkeleg areal for det framtidige magasinbehovet.

Direktør får fullmakt til å slutføre transaksjonen vedkomande kjøp av Ramstad Eskefabrikk innanfor dei økonomiske rammene styret tidlegare har akseptert..

Samrøystes

SAK 22/2016: YMSE

Fribilletter for styremedlemmane

Styret støtta framlegg om at alle styremedlemmane skulle få fribilletter til alle museumseiningane.

Direktør sender ut fribilletter til alle i styre.

Plassering av styremøta

Det vart sett fram ynskje om å ha styremøte på Astruptunet. Styret sluttar seg til forslaget, men ynskjer at det vert avklart i samband med utarbeiding av møteplan for 2017.

Etter drøfting i styret vert neste styremøte tysdag 06.09.2016 flytta frå Kystmuseet i Florø til Vågsberget i Vågsøy kommune.

Norsk Reiselivsmuseum som eiga avdeling

I samband med utlysing av ny leiar for Norsk Reiselivsmuseum, drøfta styret om avdelinga skulle verte ny hovudavdeling frå om med driftsåret 2017.

Direktør legg fram sak til neste styremøte.

Direktør får fullmakt til å vurdere/vidareføre den pågåande tilsetjingsprosessen.

Harry Mowatt
Styreleiar

Laura Kvamme
Nestleiar

Hanne B. Oftedal
Styremedlem

Steinar Evebø
Styremedlem

Arild Hartmann Eriksen
Styremedlem

Ingrid Norum
Styremedlem

Olve Grotle

Inge Bent Arnestad
Direktør